

KOMMISJONSDIREKTIV 95/37/EF

av 18. juli 1995

om endring av rådsdirektiv 70/524/EØF om tilsetningsstoffer i fôrvarer(*)**(Tekst som er relevant for EØS)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 70/524/EØF av 23. november 1970 om tilsetningsstoffer i fôrvarer⁽¹⁾, sist endra ved tilmeldingsakta for Austerrike, Finland og Sverige, særleg artikkel 7, og

ut frå desse synsmåtane:

Det er fastsett i direktiv 70/524/EØF at innhaldet i vedlegga jamleg må tilpassast den vitskaplege og tekniske utviklinga. Vedlegga vart konsoliderte ved kommisjonsdirektiv 91/248/EØF⁽²⁾

I nokre medlemsstatar er det gjort omfattande forsøk med ein ny bruk av eit tilsetjingsstoff som høyrer til gruppa antibiotika, og med eit nytt tilsetjingsstoff som høyrer til gruppa koksidiostatika og andre stoff med lækjemiddelverknad. På grunnlag av dei røynslene og granskingane som er gjorde, bør den nye bruken og det nye tilsetjingsstoffet godkjennast i heile Fellesskapet.

Dei tiltaka som er fastsette i dette direktivet, er i samsvar med fråsegna frå Det faste fôrvarerutvalet -

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:**Artikkel 1**

Vedlegg I til direktiv 70/524/EØF vert endra i samsvar med vedlegget til dette direktivet.

Artikkel 2

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, seinast 30. juni 1996. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 3

Dette direktivet tek til å gjelde tredje dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Artikkel 4

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 18. juli 1995.

For Kommissjonen

Franz FISCHLER

Medlem av Kommissjonen

(*) Denne EF-rettsakten, kunngjort i EFT nr. L 172 av 22.7.1995, s. 21, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 25/96 of 26. april 1996 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(¹) TEF nr. L 270 av 14.12.1970, s. 1.

(²) TEF nr. L 124 av 18.5.1991, s. 1.

VEDLEGG

I vedlegg I til direktiv 70/524/EØF vert det gjort følgjande endringar:

1. I del A «Antibiotika» vert teksta i nr. E 717 «Avilamycin» utfylt slik det er vist nedanfor:

EF-nummer	Tilsetningsstoff	Kjemisk betegnelse, beskrivelse	Dyreart eller dyregruppe	Høyeste alder	Laveste innhold	Høyeste innhold	Andre bestemmelser
					mg/kg fullfør		
			«Slaktekyllinger	—	2,5	10	—»

2. I del D «Koksidiostatika og andre legemidler» skal nytt EF-nummer E 772 lyde:

EF-nummer	Tilsetningsstoff	Kjemisk betegnelse, beskrivelse	Dyreart eller dyregruppe	Høyeste alder	Laveste innhold	Høyeste innhold	Andre bestemmelser
					mg/kg fullfør		
«E 772	Narasin/nicarbazin (blanding av a) narasin og b) nicarbazin i forholdet 1:1	a) $C_{43}H_{72}O_{11}$ (monokarboksylysyre-polyeter framstilt av <i>Streptomyces aureofaciens</i>) i form av granulater b) Ekvimolekylært kompleks av 1,3-bis(4-nitrofenyl)urea og 4,6-dimetyl-2-pyrimidinol i form av granulater	Slaktekyllinger	-	80	100	Bruk forbudt minst de fem siste dager før slakting. I bruksanvisningen angis: — «Farlig for dyr av hestefamilien» — «Denne førvaren inneholder et tilsetningsstoff av ionoforgruppen; bruk samtidig med visse legemidler (f.eks. tiamulin) kan være utilrådelig.»»